



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 912 583 813
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: DEN MANGFALDIGE SCENEN AS
Forretningsadresse: Rosenkrantz' gate 8
0159 OSLO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2020 - 31.12.2020

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Eli Marlen Ulvestad
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 20.05.2021

Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 04.08.2022



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Offentlege tilskot		2 620 000	2 411 000
Inntekter sponsorar og eksterne		34 308	104 131
Sum inntekter		2 654 308	2 515 131
Kostnader			
Varekostnad		50 624	50 020
Lønskostnad	4, 5, 6	2 129 031	2 057 144
Andre driftskostnader	7	425 204	412 785
Sum kostnader		2 604 858	2 519 949
Driftsresultat		49 450	-4 818
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		474	419
Sum finansinntekter		474	419
Annan rentekostnad			41
Sum finanskostnader			41
Netto finans		474	377
Ordinært resultat før skattekostnad		49 923	-4 441
Ordinært resultat etter skattekostnad		49 923	-4 441
Årsresultat		49 923	-4 441
Overføringer og disponeringar			
Overføringer til/frå annan eigenkapital		49 923	-4 441
Sum overføringer og disponeringar		49 923	-4 441



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Sum anleggsmiddel		0	0
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundefordringar	1	287 500	
Andre fordringar			-570
Sum krav		287 500	-570
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande	2	65 400	185 935
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		65 400	185 935
Sum omløpsmiddel		352 900	185 365
SUM EIGEDELAR		352 900	185 365
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital (6 aksjer à kr 10 000,00)	3, 8	60 000	60 000
Sum innskoten eigenkapital		60 000	60 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	3	60 414	10 491
Sum opptent eigenkapital		60 414	10 491
Sum eigenkapital	3	120 414	70 491



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		14 901	1 092
Skyldige offentlige avgifter		56 873	14 045
Anna kortsiktig gjeld		160 712	99 738
Sum kortsiktig gjeld		232 486	114 875
Sum gjeld		232 486	114 875
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		352 900	185 365



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2021 726106

Enheten

Organisasjonsnummer: 912 583 813
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: DEN MANGFALDIGE SCENEN AS
Forretningsadresse: Rosenkrantz' gate 8
0159 OSLO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2020 - 31.12.2020

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Eli Marlen Ulvestad
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 20.05.2021

Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 21.09.2021



Organisasjonsnr: 912 583 813
DEN MANGFALDIGE SCENEN AS

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Offentlege tilskot		2 620 000	2 411 000
Inntekter sponsorar og eksterne		34 308	104 131
Sum inntekter		2 654 308	2 515 131
Kostnader			
Varekostnad		50 624	50 020
Lønskostnad	4, 5, 6	2 129 031	2 057 144
Andre driftskostnader	7	425 204	412 785
Sum kostnader		2 604 858	2 519 949
Driftsresultat		49 450	-4 818
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		474	419
Sum finansinntekter		474	419
Annan rentekostnad			41
Sum finanskostnader			41
Netto finans		474	377
Ordinært resultat før skattekostnad		49 923	-4 441
Ordinært resultat etter skattekostnad		49 923	-4 441
Årsresultat		49 923	-4 441
Overføringer og disponeringar			
Overføringer til/frå annan eigenkapital		49 923	-4 441
Sum overføringer og disponeringar		49 923	-4 441



Organisasjonsnr: 912 583 813
DEN MANGFALDIGE SCENEN AS

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Sum anleggsmiddel		0	0
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundefordringar	1	287 500	
Andre fordringar			-570
Sum krav		287 500	-570
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande	2	65 400	185 935
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		65 400	185 935
Sum omløpsmiddel		352 900	185 365
SUM EIGEDELAR		352 900	185 365
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital (6 aksjer à kr 10 000,00)	3, 8	60 000	60 000
Sum innskoten eigenkapital		60 000	60 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	3	60 414	10 491
Sum opptent eigenkapital		60 414	10 491
Sum eigenkapital	3	120 414	70 491
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		14 901	1 092
Skyldige offentlege avgifter		56 873	14 045
Anna kortsiktig gjeld		160 712	99 738
Sum kortsiktig gjeld		232 486	114 875



Sum gjeld	232 486	114 875
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	352 900	185 365



Organisasjonsnr: 912 583 813
DEN MANGFALDIGE SCENEN AS

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

Rekneskapsprinsipp
Se filvedlegg.

Note
Er det usikkerheit om vidare drift?: Nei

Note
8

Tal på aksjar og aksjeeigarar

<u>Aksjeklasse</u>	<u>Ant. aksjar</u>	<u>Pålydande</u>	<u>Bokført verdi</u>
Ordinære aksjer	6.00	10000.00	60000.00
<u>Aksjeeigare - fritekst</u>	<u>Antall</u>	<u>Eigarpart</u>	<u>Aksjeklasse</u>
Bondeungdomslaget i Oslo	2.00	33.33%	Ordinære aksjer
LL Det norske Teatret	2.00	33.33%	Ordinære aksjer
Noregs Ungdomslag	2.00	33.33%	Ordinære aksjer
<u>Sum</u>	<u>Sum antall</u>	<u>Sum eigarpart</u>	
	6.00	100.00%	

Note
5

Lønn og ytingar

<u>Lønn</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	1790476.00	1784147.00
<u>Arbeidsgivaravgift</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	180765.00	147664.00
<u>Pensjonskostnader</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	151227.00	109707.00
<u>Andre ytingar</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	6563.00	15626.00
<u>Sum lønnskostnader</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>



2129031.00 2057144.00

Note

7

Ytingar til leiande personer

Ytingar til dagleg leiar

<u>Ytingar</u>	<u>Lønn</u>	<u>Pensj.plikt</u>	<u>Andre godtgj.</u>
	374346.00	90380.00	

Note

7

Ytingar til andre leiande personer

Note

7

Ytingar til revisjon

<u>Revisjon</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	21875.00	21250.00
<u>Sum godtgjersle til revisor</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	21875.00	21250.00

Note

5

Antall årsverk i regnskapsåret

Verksemnda har hatt følgjende tal på årsverk:

5.00

Note

6

Obligatorisk tenestepensjon

Er verksemnda pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov: Ja

Oppfyller pensjonsordninga krava etter lov: Ja

Note

7

Lån og sikkerheitsstilling til leiande personar

Er det gitt lån eller sikkerheitsstilling til leiande personar: Nei



PKF ReVisjon AS



Revisjon &
rådgivning

Til generalforsamlinga i
Den mangfoldige Scenen AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR FOR 2020

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Den mangfoldige Scenen AS som viser eit overskot på kr 49 923. Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er gjort greie for i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyste om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta skal halde fram skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Tel • +47 22 78 28 00 • www.pkf.no

PKF ReVisjon AS • Sandstuveien 70, Pb. 199 Manglerud, 0612 Oslo • Org./revisornr. 983 773 370

Medlem av Den norske Revisorforening

PKF ReVisjon AS er medlem av PKF International Limited, et nettverk av juridisk uavhengige selskaper, og fraskriver seg ethvert ansvar for arbeid eller manglende arbeid utført av et annet individuelt selskapsmedlem eller annet selskap.



PKF ReVisjon AS



Revisjon &
rådgivning

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet vårt er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han enkeltvis eller samla med rimelegheit kan ventast å påverke økonomiske avgjersler som brukarane tar basert på årsrekneskapen. For vidare omtale av revisor sine oppgaver og plikter viser vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>.


Fråsegn om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i høve til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversikteig registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Oslo, 14. mai 2021

PKF REVISJON AS



Øyvind Solberg
statsautorisert revisor



DEN MANGFALDIGE SCENEN

BARNE- OG UNGDOMSTEATER

ÅRSRAPPORT 2020



Innholdsforteikning

MELDING FOR 2020 FOR STYRET I DMS.....	2
FØREMÅL.....	4
NÆRARE OM KURS OG PRODUKSJONAR I 2020.....	5
KURSTILBOD TIL BARN OG UNGE I SKULAR OG PÅ FRITIDA	5
I SKULANE	5
SAMARBEID MED INTERNASJONALT MUSEUM OG KULTURSENTER (IKM)	6
SAMARBEID RØDE KORS.....	6
I FRITIDA.....	6
PRODUKSJONAR FOR EIT STORT PUBLIKUM	9
STIPEND OG MENTORVERKSEMD FOR SÆRSKILTE STEMNER/TALENT	13
RÅD, KOMPETANSE UNG SCENEKUNST OG KULTURELT MANGFALD OG SCENEKUNST - NASJONALT OG INTERNASJONALT.	14
TILSETTE OG ENGASJERTE	14
TAL PÅ DELTAKARAR, PRODUKSJONAR OG PUBLIKUM.....	14
ÅRSREKNESKAP (SJÅ EIGE VEDLEGG)	16

Melding for 2020 frå styret i DMS

Den mangfaldige scenen AS fekk i 2017 auka statsstøtte og for første gong driftsstøtte frå Oslo kommune. I 2018 og 2019 blei driftsstøtta frå Oslo kommune styrka. Dette har medført at DMS i 2020 hadde ei samla inntekt på i overkant av 2,5 millionar kroner. Vi er takksame for at vi også i 2021 har fått ei auking, og at Den mangfaldige scenen ved Liv Hege Skagestad og Camara Joof fekk Oslo Bys kulturpris for 2020. Dette er ein stor inspirasjon for det vidare arbeidet.

Veksten i økonomien har gitt oss høve til å iverksette viktige satsingar i strategien vi har hatt for 2017–2020. Vi har styrka kvaliteten, utvida kurstilbodet og fått opp langt fleire og sterkare produksjonar. Vi har starta arbeidet med å bygge ein meir robust organisasjon.

I 2020 har styret bestått av styreleiar Eli Ulvestad (BUL), og styremedlemmane Kai Roger Vatne (NU) og Hans Antonsen (DNT). Årets varamedlem har vore Gunnvald Grønvik (BUL), Torbjørn Bergwitz Lauen (NU) og Thine Slettbak Bugge (DNT).

AKTIVITET OG SMITTEVERN

I 2020 hadde vi stor aktivitet fram til nedstenginga som følgje av smittevern den 12. mars 2020. I resten av året har vi gjennomført kurs og produksjonar når det iht regelverket for smittevern har vore mogleg. I perioder og for aldersgrupper det ikkje har vore lovleg med fysiske møter har vi gjennomført kurs og førebudd produksjonar digitalt, gjennom telefonsamtaler, og gjennom brevskrivning. Vi har dreid verksemda slik at den profesjonelle kapasiteten vi ikkje kunne bruke på å fysisk møte barna har gått til utvikling av undervisningsopplegg og manus. Våre eldste utøvarar har hatt høve til å spele på scener utanfor Oslo og dermed fått verdifull erfaring og nettverk. Vi har også brukt vår kompetanse til å støtte opp om tilbud i andre deler av landet der det har vore lovleg for barn og unge og møte kvarandre fysisk. Konsekvensen av pandemien er likevel at barn og unge i Oslo har fått eit redusert tilbud og dei unge, kunstnarane og pedagogane har måtte forholde seg til stadig skiftande regler. Vi ser også at pandemien har gjort at fleire av dei unge har falt ut av vekentleg aktivitet. Vi gleder oss no til å kunne opne opp og ikkje minst styrke vårt tilbud.

FLEIRE UNGE OG STERKARE PRODUKSJONAR

DMS har i 2020 vidareutvikla tilbodet gjennom desse hovudaksane:

- Kurs og verkstader for eit stort tal barn og unge. Totalt har 261 barn og ungdom delteke i vekentlege kurs og over 930 har delteke på kortare kurs.
- Satt opp produksjonar og framsyningar der unge spelar for unge. Totalt har DMS hatt 79 framsyningar og visningar for over 3800 publikum. Ein dag i Nynorskens hus, Palmen og huset, Gullfebla og Båten har vore nokre av dei største produksjonane.
- Ytt stipend og mentorverksemd for særskilte stemmer/talent.
- Gitt råd og bidratt med kompetanse i utvikling av kulturtilbod til barn og ungdom og innanfor spørsmål om kulturelt mangfald og scenekunst, nasjonalt og internasjonalt.

MEIR ROBUST ORGANISASJON

I 2020 har DMS hatt omlag 1,1 årsverk tilsette i administrasjon/kunstnarisk rådgjeving. Vi har hatt tilsette på tilsaman 1,5 årsverk (faste instruktørar) + omlag det tilsvarande i honorar til kunstnarar på prosjektbasis.

DMS har gjennom gradvis auka støtte fått store resultat og gradvis bygd opp ei lita leing og administrasjon. Vi har også fått på plass meir langsiktige avtalar med kunstnarar og



pedagogar. Framleis er DMS ein sårbar organisasjon og mykje av arbeidet er forankra i stor frivillig innsats frå dei involverte, inkludert tilsette. Etterspørselen etter vår kompetanse og tilbod er vesentleg større enn det vi i dag kan svare på. Vi vil frå 2020 arbeide målretta med å få på plass økonomisk støtte frå det offentlege og private aktørar som sikrar at vi kan vidareføre rolla som eit leiande teater og kompetansemiljø for unge og mangfald. Og frå februar 2020 har vi utvida leiinga ved at Jon Werede Hope har gått inn som dagleg leiar i ein periode, medan Liv Hege Skagestad held fram som rådgjevar og mentor. DMS har ei 50 % fordeling mellom kjønn blant tilsette/engasjerte. Kunstnarane og pedagogane har kulturbakgrunn frå mellom anna Noreg, Kongo, Kina, Gambia, Martinique, Irak, England, Pakistan, India, Filippinene, Brasil, Equador.

Oslo, august 2021

Eli Ulvestad
Styreleiar



FØREMÅL

Den mangfoldige scenen AS (DMS) vart stifta 4. september 2013 og er eit barne- og ungdomsteater eigd med 1/3 kvar av Bondeungdomslaget i Oslo (BUL), Det Norske Teatret (DNT) og Noregs Ungdomslag (NU).

Selskapet sitt føremål går fram av § 3 i selskapet sine vedtekter:

«Selskapet skal arbeide med å få fram sceniske uttrykk i møte mellom barne- og ungdomskultur og kulturarvar.

Barn og unge med ulik kulturell og sosial bakgrunn skal få høve til å uttrykke seg og utvikle og styrke dei skapande evnene sine.

Arbeidet skal styrke og fremje forståinga av nynorsk mellom barn og unge. Selskapet sitt administrative språk er nynorsk.»

Målgruppa er barn og unge i alderen 6–26 år.

DMS blei etablert gjennom eigeninnsats frå eigarane og initiativtakarane og gjennom offentlig og privat prosjektstøtte. I 2011 kom DMS inn på statsbudsjettet over ramma til DNT og frå 2017 har DMS hatt driftstøtte frå Oslo kommune.



NÆRARE OM KURS OG PRODUKSJONAR I 2020

Kurstilbod til barn og unge i skular og på fritida

I 2020 har 261 barn og ungdom vore med på vekentlege kurs, og over 930 på kortare kurs. Alle kurs endar i visning (arbeidsdemonstrasjon). Nokre av arbeida er retta inn mot større produksjonar (sjå omtale nedanfor). Barna og ungdomen og deira foreldre får gratisbilletter til prøveframsyningar på DNT og framsyningar i Nynorskens hus.

I skulane

Den einaste staden ein møter alle barn, er på skulane. Kursa finn stad ein til to gongar i veka, og ekstraøvingar rett før visningar/framføringar. Normal prøvestad er på skulane, men dei unge er på framsyningar og regelmessige besøk i Nynorskens hus og på Det Norske Teatret. Aktiviteten på skulane er plattform for rekruttering til grupper som øver på fritida i Nynorskens hus.

I 2020 har vi hatt tilbod på 4 skular:

Møllergata (AKS tid),

Alder: 1–4 trinn (6–10 år)

Prøvestad: Møllergata skule

Kunstnarleg, pedagogisk arbeid: samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, leik, evne til å lytte og å vere i dialog, gruppearbeid og dynamikk, fysiske uttrykk / rørsle, leite fram til eigne uttrykk og undersøkje og leike med tradisjonsuttrykk dei unge har med seg. I 2020 særleg lagt vekt på litteratur og miljø og arbeidet skulle ende i ei framsyning med utgangspunkt i Ruth Lillegraven si bok – Klodeklubben.

Kunstnarar/pedagogar: Shazad Gul Kahn, Jon Werede Hope, Kjetil Solberg Stavenes, Mari Elise Haugen, Aila Eckhoff og Maria Austebø.

Kurs: Oppstart våren 2020, men måtte grunna smittevernreglane bli lagt på is.

Rommen skule/scene (AKS-tid)

Alder: 1–4 trinn (6–10 år)

Prøvestad: Rommen Scene

Kunstnarleg, pedagogisk arbeid: samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, fysiske uttrykk / rørsle og dans, leite fram til eigne uttrykk. I 2020 særleg vekt på improvisasjon og rørsle.

Kunstnarar/pedagogar: Morten Olaussen og Mia Aurora Winderen.

Kurs: vår og haust 2020.

Rørsle – dans- Bjerke vidaregåande skule

DMS har hatt eit samarbeid med Bjerke vidaregåande skule i utviklinga av skuledanserevnen og ga grunnundervisning i diktelesing, forteljning, dans. Alder 16-18 år. Instruktørar: Edwin Cabascango, Emil Jørgensen, Jeaninne Masika Harrysson. Framsyningar februar og mars 2020

Guru Nanak Panjabi Skole - Norge

DMS har hatt eit samarbeid med Punjabiskulen med utvikling av ei korframsyning. Alder 8-15 år. Kunstnarleg ansvarleg: Lavleen Kaur og Karolina Baryga.



Hausten 2020, framsyning utsatt grunna smittevernsreglane.

Samarbeid med Internasjonalt kultursenter og museum (IKM)

I 2020 har vi gjennomført kortare kurs for barn og familiar i samarbeid med IKM. Eit gratis tilbod innan teaterleik og forteljing. Opplegget innebærer også samtaler og nettverksbygging.

Alder: 6–20

Prøvestad: IKM

Kunstnarleg, pedagogisk arbeid: samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, leik, evne til å lytte og å vere i dialog, gruppearbeid og dynamikk, utvikling av språket, leite fram til eigne uttrykk.

Kurs: vår, men lagt på is som følge av pandemien.

Instruktør: Sarah Camille mfl

Samarbeid Røde kors

I 2020 har vi gitt einslige foreldre med barn eit gratis tilbod innan teaterleik og dans i samarbeid med Røde kors-Marte senteret på Grønland. Opplegget innebærer også samtaler og nettverksbygging. Barn og vaksne har også fått gratisbilletter på framsyningane i Nynorskens hus.

Alder: 6–20

Prøvestad: Marte senteret på Grønland.

Kunstnarleg, pedagogisk arbeid: samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, leik, evne til å lytte og å vere i dialog, gruppearbeid og dynamikk, utvikling av språket, leite fram til eigne uttrykk.

Kurs: vår og haust

Instruktør: Aila Sinober, Shwan Wahed, Kjetil Solberg Stavenes.

I fritida

Vi har 11 faste grupper. 9 av desse i Oslo. Dei unge møtast til øvingar kvar veke, og enkelte helger, i Nynorskens hus, Nordal Brunsgate 22, Det Norske Teatret, Torshov aktivitetshus, aktivitetshus i Lillestrøm og Rommen scene og på Teams. Kvart semester har dei visning eller større framsyning. Gruppene i 2020 har vore:

Teater Rosenkrantz

Alder: 9–11 år

Prøvestad: Nordal Brunsgate 22

Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, leik og å lytte og å vere i dialog, fysiske uttrykk / rørsle og å leite fram til eigne uttrykk og skape tekstar.

Kurs: vår og haust

Instruktørar: Jane Kelly, Morten Olaussen og Geir Hytten.

Tysdagspoesi

Alder: 10–12 år

Prøvestad: Nynorskens hus

Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: utvikle egne tekstar i samspel med kunstnar, med inspirasjon frå kva dei unge er opptekne i livet, i samfunnet, i media. Slampoesi, dialog og musikk.

Kurs: vår og tidleg haust, og brevskrivning. Men i denne gruppa har mange barn falt frå. Vi har derfor starta eit diktsamarbeid med Møllergata skule med sikte på framtidig rekruttering,

Instruktør: Sarah Camille



Torshov aktivitetshus (2 grupper)

Alder: 8–12 år

Kunstnarleg, pedagogisk arbeid: samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, leik, evne til å lytte og å vere i dialog, gruppearbeid og dynamikk, leite fram til egne uttrykk. Det har særleg vore lagt vekt på å få fram nye tekstar med utgangspunkt i det barn er opptekne av.

Kurs: vår og haust

Prøvestad: Torshov aktivitetshus

Kunstnarar/pedagogar: Shwan Wahed

R-stars

Alder: 10–13 år

Prøvestad: Rommen scene

Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, leik, evne til å lytte og å vere i dialog, gruppearbeid og dynamikk, fysiske uttrykk / rørsle og dans, leite fram til egne uttrykk, kjensler og undersøkje og leike med tradisjonsuttrykk dei unge har med seg.



Instruktører: Morten Olaussen, Edwin Cabascango
Kurs: vår og delvis haust, men satt på vent som følge av pandemien

Gullfebla og Ikaros

Alder: 10–14 år

Prøvestad: Nynorskens hus og Teams

Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: samspel, kreativt arbeid, skodespelarteknikk og arbeid med karakter og scenisk handling, tekstforståing og formidling/dialog/monolog, dans og rørsle, song og ulike teaterformer (forteljning og song, skuggespel, danseteater, dukkespel, realistisk teater). Utvikling av ein produksjon – frå grunnleggjande arbeid til framsyning for eit stort publikum (sjå omtale under større produksjonar).

Prøver og framsyningar Gullfebla fram til 12. mars og etablering av nytt kurs etter opninga i sommar/haust Ikaros.

Instruktører: Erlend Samnøen, Morten Espeland, regiassistent Jon Werede Hope og Kjetil Solberg Stavenes

Framsyningar: Januar og februar 2020

Ungdomsgruppe Byrjingspel og Brumletrollet

Alder: 14–27 år

Prøvestad: Nynorskens hus og Teams

Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: samspel, tekstutvikling, tekstforståing/tekstformidling, scenisk handling, produksjon

Instruktør: Sara Li Stensrup (fram til 12. mars), Jon Werede Hope, Kjetil Solberg Stavenes, Sarah Camille (dramatkar), Hoda Arbabi (regiassistent) (etter 12. mars)

Tekstkonsulent: Morten Espeland

Framsyning: Mars 2020 Byrjingspel (sjå omtale under produksjonar), Ny produksjon frå Mars 2020 oppstart Brumletrollet

Ungdomsgruppe Palmen og huset og Kva er stort, kva er smått no

Alder: 16–24 år

Prøvestad: Det Norske Teatret/BLS/Nynorskens hus/Teams og Podkast

Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, lytte og å vere i dialog, fysiske uttrykk / rørsle, arbeid med utvikling av tekst, framføring av tekst. Hovudvekt på arbeid med å leite fram til eigne uttrykk, tekstutvikling og diktformidling.

Instruktører: Shwan Wahed

Framsyningar: Februar 2020 Palmen og huset (sjå omtale under produksjonar)

Lillestrøm scene

Alder: 8-16 år

Kunstnarleg, pedagogisk arbeid: samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, leik, evne til å lytte og å vere i dialog, gruppearbeid og dynamikk, leite fram til eigne uttrykk. Det har særleg vore lagt vekt på å få fram nye tekstar med utgangspunkt i det barn er opptekne av.

Kurs: vår og haust

Prøvestad: Lillestrøm

Kunstnarar/pedagogar: Shwan Wahed

Visning: mars 2020 (Palmen og huset)

Rørsle – dans

Alder: 15–25 år

Prøvestad: Nynorskens hus, Bygdelagssamskipnaden

Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: verkstader og produksjonsretta arbeid, rørsle, fysisk arbeid på scenen, dans.

Instruktørar: Edwin Cabascango

Framsyingar: Grieg festival juli 2020 og kunsthøgskulen november 2020

Sommarkurs og etablering av barne- og ungdomsforteljeteater Fabel

I samarbeid med Jakob Sande-senter for forteljekunst har vi etablert eit barne- og ungdomsforeteljeteater i Dale, med hovudscene i ungdomshuset Trudvang.

Produksjonar for eit stort publikum

I 2020 har vi hatt 79 visningar og framsyingar og nådd eit publikum på 3865. Nedanfor er ei kort omtale av produksjonane.

Gullfebla

Gullfebla er ei skrøne, ein komedie om eventyrsamlarar og gamle kjerringer, om trua på at ein kan gjere noko stort med livet sitt.

Regi og tekst: Erlend Samnøen, regiassistent Jon Werede Hope

Instruktør: Morten Espeland

speleperiode februar 2020



Vi er verda- Lacho drom

På oppdrag frå Norsk barnebokinstitut og Nasjonalbiblioteket utvikla vi ei framsyning om språk. Med Shwan Wahed, barn frå DMS, Lavleen Kaur, Shazad Kanh



Ein dag i Nynorskens hus

Ei vandring i språkhistoria, romma i Nynorskens hus og eige språk for 900 6. klassingar
Samarbeid med Norsk målungdom, Bondeungdomslaget i Oslo og Den kulturelle skulesekken
Oslo.

Regi: Liv Hege Skagestad mfl


Kunstnarleg rådgjevar: Erlend Samnøen

Scenografi: Kjersti Alm Eriksen

Utøvarar: Shazad Kahn, Aila Sinober, Maria Austebø, Mari Elise Haugen, Kjetil Solberg
Stavenes og Jon Werede Hope

Manus og konseptutvikling og prøveframsyningar

Premiere januar 2020



Palmen og huset

Framsyninga handlar om å høyre til, om kulturarv og om korleis dette kan påvirke individet. Kva er det som skjer når ein generasjon gløymer arven, tonefallet, og korleis ein helser på kvarandre. Korleis kan vi ta vare på denne arven? Korleis høyrer vi til jorda, til trærne til kulturen. Framsyninga tar utgangspunkt i eit dikt av Ahmed Al-Kaisi, Med Shawan Wahed, Wissam Alsamad barn, ungdom, vaksne. Støtta av den irakiske ambassaden og demokratiske forbund, involverte kunstnarar og deira miljø frå palestina, nederland, irak. Premiere februar 2020



Revy på Bjerke skule

Produksjonen var eit samarbeid med Bjerke vidaregåande skule og DMS. Hovudinstruktør var Edwin Cabascango. Premiere mars 2020

Griegfestivalen

I samarbeid med Einar Steen-Nøkleberg og Grieg selskapet deltok vi i arrangementet Griegfestivalen 2020 i Nynorskens hus med 4 produksjonar. Regi og deltakarar: Jon Werede Hope, Lavleen Kaur, Edwin Cabascango og ungdom. Premiere juli 2020

Byrjingspel

Ungdom tolker utdrag av våre største litteratur: Fosse, Becket, Kane mfl.

Regi: Erlend Samnøen og Sara Li Stensrup


Visning: febraur Byrjingspel



Opning av Jakob Sande – senter for forteljekunst

Utøvarar og instruktørar ved DMS var med råd i arbeid med å etablere eit senter for forteljekunst og gjennom fleire innslag under opninga.

Premiere august 2020.



3 større produksjonar med unge særskilte stemmer - Vingeslag, Båten og Klangen av hei

Stipend og mentorverksemd for særskilte stemmer/talent

4 utøvarar i alderen 16–26 år har etter modell av samarbeidet DMS har hatt med Camara Joof, blitt følgt særskild opp. Gjennom eit program har dei fått vidareutvikla sitt særleine uttrykk, fått støtte i utviklinga av dramatisk tekst og til å produsere profesjonelle framsyningar, fått rådgjeving om vegar fram mot sjølvstendige produksjonar/ bokutgiving mv. I 2020 har dette vore Sarah Camille med framsyninga *Vingeslag*, Jon Werede Hope med *Simne*, Kjetil Stavenes Solberg med *Båten* og Jeaninne Masika Harrysson med *Klangen av heim*





Råd, kompetanse ung scenekunst og kulturelt mangfald og scenekunst - nasjonalt og internasjonalt.

I 2020 har DMS mellom anna bidrege med følgjande:

- rådgjeving ved KHIO- teaterhøgskulen om mangfald i rekruttering.
- Rådgjeving og samarbeid med bachelorutdanning design, KHIO.
- Irakisk festival i Nynorskens hus.
- rådgjeving og påbegynt samarbeid med Det Vestnorske Teatret.
- råd til forlagsbransjen mfl om å få fram nye stemmer.
- deltaking i opninga av senter for forteljekunst på Vestlandet.
- sommarkurs og råd/utvikling av forteljeteater for barn og unge, i Dale i Sunnfjord.
- råd/erfaringsutveksling gjennom europeisk samarbeid knytt til Goethe-instituttet.
- deltaking i utvikling på EØS søknad samarbeid Polen og Portugal.
- gjennom Camara Joof har DMS si erfaring vore presentert nasjonalt og internasjonalt.

TILSETTE OG ENGASJERTE

Følgjande har vore tilsett og engasjert i DMS i 2020:

Instruktørar, lærarar, kunstnarar og rådgjevarar: Jon Werede Hope, Camara Joof, Sarah Camille, Erlend Samnøen, Mia Aurora Winderen, Kai Johnsen, Shazad Gul Kahn, Shwan Wahed, Emil Roderigo Jørgensen, Lavleen Kaur, Kjetil Solberg Stavenes, Aila Sinober, Maria Austebø, Morten Olaussen, Jane Kelly, Edwin Cabascango, Jeaninne Masika Harrysson, Sara Li Stensrup.

Kjersti Alm Eriksen, Jøran Normann, Line Jeanette Antonsen og Live Becker Knudsen har bidratt i produksjonar og utviklingsarbeid.

Kathryn Chan Sortland har vore informasjonsmedarbeidar, Olav Kårevik rekneskapsfører og administrasjonskonsulent og Jon Werede Hope dagleg leiar (frå 1. april) Liv Hege Skagestad dagleg leiar og kunstnarleg ansvarleg.

TAL PÅ DELTAKARAR, PRODUKSJONAR OG PUBLIKUM

Tilsett og engasjerte				
For DKS				
Ein Dag i Nynorskens Hus, regi Lv Hege Skagestad mfl	30	6	900	900
Gullfebla, regi Erlend Samnøen/jon Werede Hope (ass)	10	12		1000
Forteljing av Kjetil Stavenes	2	1		100



Lacho Drom, Vi er verda - Kan vi snakke saman? Regi Liv Hege Skagestad	1	5		200
Stavenes og Losnegård	1	1		20
Båten av Kjetil Solberg Stavenes	10	1		50
Lys - Lavleen Kaur- Grieg festival	1			60
Halling og samtidsdans, Jon Werede Hope - Grieg festival	2	1		60
I tusind tankar - Grieg festival regi Edwin Cabascango	1	9		60
Palmen og huset, regi Shwan Qwahed	1	40		200
Dans di såge - Lavleen Kaur	1			200
Shwan Wahed, Norvald Tveit og Jakob Sande	10			50
Parabola, Edwin Cabascango	1	15		50
Vi er alle på veg heim, Jeaninne M Harrysson	2	1		15
Ungdom 13-20 år				
Byrjingspel - eit ungdomsteater, regi Sara Li	1	5		200
Brumlerollet, regi Sarah Camille, Jon Werede Hope		7		
Danserevy på Bjerke vidaregåande skule, regi Edwin Cabascango	4	15		500
Born/ungdom 10 - 14 år				
Rommen R-stars		15		
Teater Rosenkrantz		15		
Grunnleggjande trening Jon Werede Hope, Kjetil Solberg Stavenes		10		
Punjabskulen, Lavleen Kaur		30		
FABEL - barne og ungdomsteater, regi Torkil Sandsund		22		
Teater på Røde kors, Aila Sinober, Kjetil Solberg Stavees		20		
Dikt/Slam - med Sofie Frost mfl	1	5	30	200
Tysdagspoesi		5		
Møllergata		20		
Rommen AKS		15		
Totalt	79	261	930	3865



ÅRSREKNESKAP (sjå eige vedlegg)



Noter 2020

DEN MANGFALDIGE SCENEN AS

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i tråd med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små verksemder.

Inntekter

Offentlege tilskot vert fakturert samarbeidspartner 4 gonger i året. Andre inntekter vert fakturert etter at dei er leverte.

Krav

Kundekrav og andre krav er oppført i balansen til pålydande med eventuell frådrag for ei avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort etter ei individuell vurdering av kvart einskild krav.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar som overstig kr. 15.000 vert balanseført og skrivne av ut frå den forventa levetida på driftsmiddelet. Direkte vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført som driftskostnader, medan påkostnader eller forbetringar vert lagt til kostprisen på driftsmiddelet og vert avskrive i same takt som sjølvje driftsmidlet.

Forøvrig er følgjande rekneskapsprinsipp nytta:

FIFO-metoden for tilordning av kjøpskostnaden for ombyttbare finansielle eignedeler. Prinsippet om lavaste verdi for marknadsbaserte finansielle omlaupsmidlar.

Skatt

Den mangfaldige scenen AS er eit selskap som ikkje har profitt som hovedeføremål og er etter søknad til Skatt Øst såleis fritteken for skatt i tråd med Skattelovens § 12-2.

Covid-19- pandemien

Store delar av Noreg var stengt ned frå mars 2020. Dette har påverka Den mangfaldige scenen AS sin aktivitet ein del.

Vi hadde stor aktivitet fram til nedstenginga den 12. mars 2020. I resten av året har vi gjennomført kurs og produksjonar når det iht regelverket for smittevern har vore lovleg. I perioder og for aldersgrupper det ikkje har vore lovleg med fysiske møter har vi gjennomført kurs og førebudd produksjonar digitalt, gjennom telefonsamtaler, og gjennom brevskriving. Vi har dreid verksemda slik at den profesjonelle kapasiteten vi ikkje kunne bruke på å fysisk møte barna har gått til utvikling av undervisningsopplegg og manus. Våre eldste utøvarar har hatt høve til å spele på scener utanfor Oslo og dermed fått verdifull erfaring og nettverk. Vi har også brukt vår kompetanse til å støtte opp om tilbod i andre deler av landet der det har vore lovleg for barn og unge og møte kvarandre fysisk.

Konsekvensen av pandemien er likevel at barn og unge i Oslo har fått eit redusert tilbod og dei unge, kunstnarane og pedagogane har måtte forholde seg til stadig skiftande reglar. Vi ser også at pandemien har gjort at fleire av dei unge har falt ut av vekentleg aktivitet. Vi gleder oss til å kunne opne opp att og ikkje minst styrke tilbodet vårt.

Note 1 - Kundekrav

Kundekrav er er vurdert til pålydande, skreve ned med forventa tap. Det er ikkje gjort tapsføringar i 2020.

	2020	2019
Kundefordringer til pålydande	287 500	
Avsatt til dekning av usikre fordringer		
Netto oppførte kundefordringer	287 500	

Kundefordringa vart innbetalt i januar 2021



Note 2 - Bankinnskott

I posten for bankinnskott har selskapet eigen konto for bundne skattetreksmidlar med kr 2.
Skuldig skattetrekk ved årsskiftet er kr. 0,-

Note 3 - Eigenkapital

	Aksjekapital	Annen EK	Sum
Eigenkapital 01.01.2020	60 000	10 491	70 491
Resultat for 2020		49 923	49 923
Eigenkapital pr. 31.12.2020	60 000	60 414	120 414

Note 4 - Lønnskostnader m.v.

	2020	2019
Lønn	1 790 476	1 784 147
Arbeidsgjevaravgift	180 765	147 664
Pensjonskostnader	151 227	109 707
Andre ytingar til tilsette	6 563	15 626
Sum	2 129 031	2 057 144

Note 5 - Obligatorisk tenestepensjon (OTP)

Verksemda har plikt til å ha ei tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Gjeldende pensjonsordning oppfyller dei krava som lova set.

Note 6 - Yting til leiande personar

	Dagleg leiar	Styret	
Lønn	kr 374 346	kr	-
Pensjonsordning	kr 90 380	kr	-
Andre ytingar	kr	kr	-
Totalt	kr 464 726	kr	-

Note 7 - Revisjon

	2020	2019
Revisjon	21 875	21 250
Andre tenester	0	0
Sum godtgjersle til revisor	21 875	21 250

Note 8 - Aksjekapital og aksjonærar

Aksjeklasse	Tal aksjar	Lydande på	Bokført verdi
Ordinære aksjar	6	10 000,00	60 000,00
Sum	6		60 000,00

Aksjeeier	Tal aksjar	Eig tilsaman	Aksjeklasse
Bondeungdomslaget i Oslo	2	33,33%	Ordinære aksjar
LL Det norske Teatret	2	33,33%	Ordinære aksjar
Noregs Ungdomslag	2	33,33%	Ordinære aksjar
Sum	6	100,00%	